



Det var stordugnad i kjellaren sist haust

**Kommunen har no innvilga bruksendring og ombyggjing til møtelokale for kjellaren i Gamleskulen, som Uskedal Utvikling eig. Det aktuelle arealet er 85 kvadratmeter - det same som tidlegare.**

**Det er eit vilkår at lokalet får tilfredsstillande luftveksling og forskriftsmessig avtrekk på våtrom. Eit anna vilkår er at det vert montert forskriftsmessig røyk- og brannvarslingsanlegg som kommuniserar med øvrige etasjar i bygget.**

Oppvarming vert med vassboren golvvarme med luft til vatn varmpumpe. Naboar og gjenbuarar er varsla og det ligg ikkje føre protestar. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre-

Løyvet gjeld enkel standard sidan kjellaren har ein meter tjukke grunnmurar i stein oppført rundt 1900. Det er uråd å innfri dagens standard utifrå tekniske og økonomiske kriteriar.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen